

## **Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 27.05.2019**

### **Oversendingsforslag evaluering av arbeidet i administrasjonsutvalet**

**Benedicte Meyer (UNIO)** sette fram slikt oversendingsforslag til administrasjonen:

«Dei hovudtillitsvalde bed om at evaluering av arbeidet i administrasjonsutvalet vert sett opp som sak i neste møte i utvalet.

Me ønskjer mellom anna å sjå på kva type saker som bør stå på sakslista og korleis utvalet betre kan utnytte dette møtepunktet mellom tilsettere representantar og politikarar.»

#### **Røysting**

Meyer sitt forslag vart vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

### **Oversendingsforslag løypemelding bibliotekplanen**

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt oversendingsforslag til administrasjonen:

«Det vert bede om ei løypemelding til neste møte i administrasjonsutvalet der ein får ei oversikt over status i bibliotekplanen og utfordringar knytt til budsjettarbeidet for 2020.»

#### **Røysting**

Kvamme sitt forslag vart vedteke oversendt utan realitetsbehandling.